

FJORD KOMMUNE
Postboks 144
6211 VALLDAL

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 20/01233-72

08.04.2026

Ark.: 326.12

Vedtak i namnesak 2025/192 – fjellnamnet Namnløysa med fleire i Fjord kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av følgjande stadnamn i Fjord kommune:

- **Mefjellet** fjell
- **Medalen** dal
- **Holmehals** gard 156 (undernamn til Øvstholmen)

Kartverket har vurdert det slik at det ikkje er grunnlag for å fastsetje namnet *Namnløysa* for offentleg bruk på dette tidspunktet. Namnet takast difor ut av saka.

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av Fjord kommune i brev datert 26.09.2025. Kommunen tok opp saka etter at det kom ønske frå ein innbyggjar om å registrere namnet *Namnløysa* på ein namnlaus fjelltopp litt sør for Torvløysa ved grensa til Stranda kommune. Kartverket har også hatt kontakt med ein annan innbyggjar angående namna *Medalen* og *Mefjellet*. Desse namna og eit gardsnamn som var registrert med skrivemåtestatusen 'føreslått' i Sentralt stadnamnregister (SSR) vart også tekne med i saka. Namnesaka vart reist for å fastsetje rett skrivemåte for offentleg bruk, og for å avklare om det var grunnlag for å formalisere fjellnamnet *Namnløysa* for offentleg bruk.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 første ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggje for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 første ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ønske frå dei som har uttalerett skal òg spele inn.

www.kartverket.no

Uttale og skriftradisjon

Mefjellet og Medalen

Namnet *Mefjellet* har stått på alle utgåver av Noreg 1:50 000 og på 2. utgåve av økonomisk kart med den posisjonen som er registrert i dagens kart. Arne Nydal viser i høyringsvaret til eit kart frå 1879 der *Mefjellet* står med den posisjonen som ser ut til å vere den rette. Uttalen er ifølgje Nydal /mejfjellje/, og han meiner namnet kjem av at fjellet ligg midt mellom to dalar, jf. Ivar Aasens *Ordbog over det norske folkesprog: Me* 'midte, middelpunkt'. Namnet *Medalen* har ikkje vore i offentleg bruk tidlegare så vidt vi kan sjå, men er omtalt i diverse bygdebøker.

Namnløysa

Namnløysa er eit nytt namn. Ivar Grønningsæter skriv i brev datert 20.12.2024 at namnet har vore brukt i bygda Norddal sidan 04.09.2010, etter at eit turfølgje gjekk opp og døypte fjelltoppen. Grønningsæter skreiv også ein reportasje om saka i Storfjordnytt 16.09.2010. Namnet er registrert med skrivemåtestatus 'føreslått' i Sentralt stadnamnregister.

Holmehals

Namnet er undernamn til gnr. 156 Øvstholmen. Skrivemåten i matrikkelen er *Holmhals*, og i bygdebøker er både *Holmehals* og *Holmhals* nytta. Skrivemåte med binde-e er i tråd med vanleg samansetjing for liknande SSR-registrerte namn i nærleiken, til dømes *Holmesætra*, *Holmehornet*, *Holmeaksla* og *Holmeneset*. Alle parallelle avleiingsnamn som er registrerte i Fylkesatlas, har også binde-e. Skrivemåte med ubunden form er i tråd med lokal uttale, jf. opplysningar Språkrådet har henta inn.

Høyringsvar

Kartverket sendte saka til høyring i Fjord kommune i brev datert 02.10.2025, i tråd med § 8 i lova. I brev datert 04.12.2025 sendte kommunen dei lokale høyringsvara til Språkrådet. Det kom innspel frå Arne Nydal med grundig utgreiing om namna *Mefjellet* og *Medalen*. Det kom også innspel frå Per Monrad Dahl, som støttar Arne Nydal sitt innspel. Ivar Grønningsæter kom med eit innspel om *Namnløysa*. Det kom ingen høyringsvar om namnet *Holmehals*. Saka vart også sendt til Stranda kommune ettersom den namnlause fjelltoppen ligg like ved kommunegrensa. Det kom ingen høyringsvar frå Stranda kommune eller folk som bur der.

Fjord kommune kom ikkje med eit eige innspel i høyringsrunden, men skreiv dette i brev datert 26.09.2025:

«Namnet «*Namnløysa*» har vore i bruk av lokale eldsjeler gjennom nokre tiår, men ikkje lenge nok til at fastsetjing av namnet kan skje etter stadnamnlova §2, d (*nedervd stadnamn: stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar*).

Vi kan ikkje sjå at fjelltoppen har namn frå før. «*Brattløyfta*» strekkjer seg nære toppen i nokre kartgrunnlag. Ut i frå ordlyden kan dette vere sjølve vegen mot toppen. Toppen ser ut til å ha vore eit nytta turmål og ein godt synleg topp frå fleire hald. Det er såleis grunnlag for å få avklara namnet».

Tilråding

Språkrådet tilrår skrivemåtane **Namnløysa**, **Mefjellet**, **Medalen** og **Holmehals** i brev datert 27.01.2026. Sjå også den vedlagde tilrådinga.

Kartverket si vurdering

Mefjellet og Medalen

Det som står i breva frå Arne Nydal ser ut til å vere god og truverdig informasjon som kan leggjast til grunn for plasseringa av *Mefjellet* og *Medalen* i kartet, og for formalisering av namnet *Medalen*. Nydal gjer grundig greie for bruken og plasseringa av namna, og innspelet hans får støtte frå Per Monrad Dahl.

Namnløysa

Kartverket finn på dette tidspunktet ikkje grunnlag for å formalisere *Namnløysa* som namn på den aktuelle fjelltoppen. Det er fleire grunnar til at vi har landa på denne vurderinga. Eit tungtvegande argument er at namnet berre har vore nytta sidan 2010, som er veldig kort i stadnamnsamanheng. I Handbok for namnebehandling avsnitt 7.3. står det at eit namn «kan takast i offentleg bruk dersom tradisjonen for namnet blir dokumentert». Kartverket vurderer det slik at det må gå noko meir tid før eit namn har «tradisjon». Det bør helst gå minst to generasjonar (jf. definisjonen av «nedverd stadnamn» i stadnamnlova § 2 bokstav d) før ein veit at eit namn har festa seg såpass.

I *Handbok for namnebehandling* kapittel 7.3.2 står det også at «Kommunen kan i samråd med Kartverket setje namn på namnlause naturlokalitetar, men det føreset at lokaliteten ikkje har eit namn frå før. Det kan vekse fram lokale behov og ønske om namn på lokalitetar t.d. på grunn av endringar i infrastruktur, ferdselsmønster og busetnad». Kartverket har vurdert om det er grunnlag og behov for å formalisere eit såpass nytt stadnamn på den måten, og vår konklusjon er at det ikkje er det. Her legg vi vekt på at namnet etter alt å døme er nytta i ein ganske liten brukarkrins. Vurderinga byggjer på høyringssvara som kom inn i saka, der berre éin person (den same som meldte namnet inn i første omgang) skreiv at namnet er i bruk. Fjord kommune skriv i brev datert 26.09.2025 at namnet har vore i bruk av «lokale eldsjeler» gjennom nokre tiår. Dette tyder på at bruk av namnet ikkje har spreidd seg eller festa seg lokalt i særleg stor grad. Det kom heller ingen innspel om namnet frå Stranda kommune eller nokon som bur der. På bakgrunn av dette meiner Kartverket at det ikkje er aktuelt å formalisere namnet *Namnløysa* for offentleg bruk no.

Elles kan vi nemne at det ikkje føreligg opplysningar som tyder på at fjelltoppen har eit anna namn frå før. Det opnar for at namnet kan verte formalisert på eit seinare tidspunkt. Språkrådet skriv også at det er tilrådeleg å bruke skrivemåten *Namnløysa*. Kartverket konkluderer med at namnet bør verte liggjande med skrivemåtestatus 'føreslått' i Sentralt stadnamnregister i nokre år til, og at det kan takast med i ei sak att når det eventuelt har festa seg meir og vert nytta i ein større brukarkrins.

Holmehals

Det kom ingen høyringssvar om namnet *Holmehals*, undernamn til Øvstholmen, gard 156. Språkrådet skriv dette: «Me har vore i kontakt med ein person som er fødd i Stordal i 1936 og som har budd der nær sagt heile livet. Han sa at det vil vere mest i tråd med den lokale munnlege namnetradisjonen å skrive det gardsnamnet det er tale om i denne saka, med e-fuge og utan bunden artikkel. (På side 397 i boka *Stordalssoga – band II GARD OG ÆTT 1801–1920* (forfatta av Liv Randi Bjørlykke og utgjeven i 2002) er *Holmehals* nytta som oppslagsform. Der står det elles blant anna: «På folkemunne heiter garden "Østhølmen"».» Kartverket støtter Språkrådet si vurdering om at skrivemåten bør vere *Holmehals* med binde-*e* og ubunden form.

Kartverket vedtar skrivemåten **Mefjellet** (fjell), **Medalen** (dal) og **Holmehals** (gard 156, undernamn). Posisjonen for Mefjellet og Medalen skal følge det som står i breva frå Arne Nydal. Fjellnamnet *Namnløysa* takast ut av saka og vert ståande med skrivemåtestatus 'føreslått' i SSR.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 første ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Kommunen bes også om å informere innbygarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minne om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruke vedtekne skrivemåtar, jf. § 11: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å følge vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verte oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtaket om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentlig kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort første gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtale alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
 [Forskrift om stadnamn](#)
 [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonsleiar

Helle Janss Haugli
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi: SPRÅKRÅDET
 STRANDA KOMMUNE
 Arne Nydal
 Ivar Grønningsæter

Vedlegg: Språkrådet si tilråding